


## Traffic kontroll i Florø

Torsdag ettermiddag hadde politiet trafikkkontroll i Florø. Kontrollen varte frå klokka 14.20 til 16.20, melder Sogn og Fjordane politidistrikt i loggen. 30 bilar vart kontrollerte. Ein bil vart avskilta etter krav frå Statens vegvesen.



## Ny styremedlem i Sørstrand-styret

Eirik Rostad Ness vart på årsmøtet 28. mars vald inn som ny styremedlem i foreininga Sørstrand Folkepark, etter at Berit Hovland måtte takke for seg. Rostad Ness vil mellom anna jobbe med å skaffe sponsorar frå det lokale næringslivet. – Er du bedriftseigar og lure på om du vil støtte eit fantastisk godt prosjekt i Florø, så ta kontakt med han, oppfordrar foreininga via origo.no.



**LIV OG RØRE:** Sildejsau på Bataldebua. Anne Bakke frå Kystmuseet og Sigbjørn Stenseth viser og forklarar korleis ting skal gjerast; her på Bataldebua som stod ved nordre Fanøyvågen under dei evenyrlege sildeåra midt på 1800-talet. Foto: Harald J. Stavang

# Flekkesild på Bataldebua

Kald sild. Kalde fingrar. Men sol inn gjennom buadørene. Det er ikkje så ille å flekke storsild. Det har kystfolk gjort i uminnelege tider, og det har også eit par hundre skuleelvar gjort på Kystmuseet denne veka og veka før.

**HARALD J. STAVANG**  
harald@firda.no

Tysdag var det klasse 6 C ved Florø barneskole som fekk prøve seg eit par-tre timar om føremiddagen. Tre av lærarane var med, og

### BATALDEBUA

Gammal saltebu frå Fanøyvågen i Batalden. Siste eigar var A. Haave. Stod i Førde i mange år. Flytta til Florø og lagra på Rota sist på 1950-talet. Bygt opp att på Prestholmen av Kystmuseet på 1990-talet.

## ■ 200 elevar har lært om historia til silda

eit par mann frå Norway Pelagic (som har spandert silda), pluss Anne Bakke frå Kystmuseet som var der og fortalde og la til rette.

Til saman har dei flekt 18–20 kartongar, eller ca. 4 hl i gammalt mål. Alle måtte prøve. Nokre kom krye med tre-fire sildehovud og viste fram. Andre var oppe i 30 for dei gav seg. Ein elev tykte det vart vel mykje av denne smørja med rogn og blod og bein, vart kvalm og måtte ut som snarast.

Andre, som t.d. Espen Sunnarvik, hadde åleine sløgd 101 kjø ved Breimsvatnet sist sommar, så han var flink med kniven. Det er med dette som med mangt anna; det må øving til.

Storsildfisket er eigentleg slutt for i år. Difor var det opptint sild frå ei av siste lastene til Gunhildvågen tidleg i mars dei fekk å prøve seg på.

Rogna fekk dei med, dei som ville. Silda vart heng på loftet til torking, og så får dei med seg heim til «snop» når det vårast.

– Alle skulane i Flora har fått invitasjon, og dei fleste har stilt med avgangsklassane. Dei mindre barna har fått andre tilbod ved Kystmuseet, fortel Anne Bakke som har arbeidd ved museet eit års tid. Ho er busett i Bremanger, og har før arbeidd m.a. ved Nordfjord Folkemuseum på Sandane.

Elevarne fekk først ei lita innføring i sildehistoria og livet på kysten i eldre tid. Den originale Bataldebua var i så måte ein god kullisse. Den har stått i nordre Fanøyvågen, og dei mange og store bileta frå ca. 1880 og utetter fortel ei historie som er blitt fjern også for dagens vaksne.

Her var vel eit liv og røre når båtane siglede eller rodde oppunder med fangsten frå nattstutte garn, og ganejentene tok til å kverke, og karane salta, slo att og trilla tusenvis av tønner nokre hektiske vinterveker. Ei av desse 16–17 år gamle jentene greidde vel like mange sild åleine på ein



**SLIK!** Stenseth viser Gino Jakopovic teknikken med å flekke sild. Ved bordenden Sofia Grønnevik og Iselin Haugerud. Foto: Harald J. Stavang

dag som dei to hundre elevane har gjort til saman dei to vekene.

Det var ei anna tid og eit anna krav til fysisk arbeid ...